

Rettleiing til de heilage tre dagane – skjærtorsdag, langfredag og påskeaftan/påskenatt

Dei heilage tre dagane

Fastetida varar i 40 dagar (minus søndagane) frå askeonsdag, og munnar ut i dei tre siste dagane før påskedag: skjærtorsdag, langfredag og påskeaftan/-natt. Desse har tradisjonelt blitt kalla Dei tre heilage dagane, på latin *Triduum Sacrum* eller *Triduum Paschale*. Desse tre dagane utgjer i kyrkjeleg tradisjon ein liturgisk heilskap med ein indre teologisk og dramaturgisk samanheng som både kan bli understreka og utfordra.

Dersom det er fleire kyrkjer i eit sokn eller fleire kyrkjelydar har felles gudstenester, kan ein vurdere å velje éi kyrkje til alle gudstenestene, som eventuelt kan gå på omgang år for år. Det er også ei løysing å la fleire kyrkjer ha ei gudsteneste kvar, for slik å la ulike stemmer og perspektiv prege feiringa.

I planlegging og gjennomføring av ordningane bør ein legge til rette for god involvering av born og unge. Dette kan til dømes bli gjort ved tekstlesing, båltenning, å bere lys, medverknad under eventuell fotvask og bruk av røykelseskar, samt musikalske innslag på eigna stader i liturgien. Der lokale omstende og ressursar gjer det mogleg, bør medverknad av born og unge, bli innarbeidd som ein integrert og sjølvstøtt del av gudstenestefeiringa.

Val av tidspunkt for dei ulike gudstenestene kan variere ut frå lokale forhold, men særleg påskenattas gudsteneste bygger på ein bruk av lys og mørke som kjem mest til sin rett når det er mørkt ute.

Mange stader vil det ikkje være gudsteneste alle de tre dagane. I slike tilfelle kan det være mest naturleg å avslutte gudstenesta med den vanlege velsigninga. Kyrkjelyden lokalt tar stilling til i kor stor grad og korleis gudstenestene skal bli prega av samanhengen mellom dagane.

Skjærtorsdag

Skjærtorsdag feirar innstiftinga av nattverden. I Den norske kyrkja er det blitt vanleg å ha denne messa om kvelden.

Namnet skjærtorsdag kjem frå *skir/a=rein* og peikar truleg på at Jesus vaska føtene til læresveinane.

Måltid

Der soknerådet gjer vedtak om det, kan ein på skjærtorsdag inkludere eit måltid i samband med gudstenesta. Det kan være ved et bord knytt til sjølve nattverden, eller det kan vere eit fullt måltid i kyrkjerommet eller i eit tilstøytande rom. Kvar og korleis ein vil gjere dette, vil avhenge av utforminga av den kyrkja det gjeld.

Dersom måltidet er i forkant, bør det avsluttast på ein måte som gir ein naturleg overgang til gudstenesta, til dømes gjennom ein felles inngang i kyrkjerommet. Ein bør ta høgde for at det er fullt mogleg å vere med på måltidet utan å delta i den påfølgjande gudstenesta.

Fotvasking

Der soknerådet gjer vedtak om det, kan fotvasking vere eit eige ledd under skjærtorsdagsgudstenesta. Ho bør da finne stad etter kunngjeringane. Den einskilde kyrkjelyden tilpassar måten fotvaskinga blir utført på, ut frå lokale forhold, tradisjonar og ressursar. For mange kan fotvasking verke framand og utan ein tydeleg funksjon i gudstenesta. Dersom ein inkluderer fotvask i gudstenesta, bør ein understreke sambandet mellom dette og kyrkjas diakonale engasjement lokalt og globalt.

Fotvasking kan bli gjennomført som ei dramatisering av teksten frå Johannesevangeliet kap. 13, v 1-15. Teksten kan lesast før handlinga blir utført. Lesinga kan bli fordelt mellom tre personar, éin som fortel handlingsforløpet, og to som les dialogen mellom Jesus og Peter.

Eksempel på gjennomføring:

Fotvasking bør være avtalt med alle medverkande på førehand, og alt praktisk bør vere førebudd før gudstenesta. Handlinga kan også bli utført i stillheit eller følgd av eigna vokal- eller instrumentalmusikk.

Medverkande:

- Liturg og medliturg, som utfører fotvaskinga
- 4-5 personer frå kyrkjelyden, som får føtene vaska
- Tre tekstleserar frå dei medverkande eller frå andre i kyrkjelyden.

Utstyr:

- Stolar
- Eit lite bord
- Eit romslig handklede, vaskefat og kanne med lunka vatn, gjerne tilsett med velluktande olje.

Før gudstenesta blir stolar plassert i koret eller på ein stad som er godt synleg for kyrkjelyden. Samstundes med at dei medverkande går frem til plassane sine, får liturgen hjelp av medliturgen til å knyte eit handklede som eit forkle på albaen. Medliturgen hentar eit vaskefat og ei kanne med lunka vatn frå eit sidebord.

Handlinga kan bli innleidd med følgande eller liknande ord:

L (vendt mot kyrkjelyden):

I denne natt, då Jesus Kristus feira den første nattverden, bøygde han seg ned framfor læresveinane og vaska føtene deira. Han sa til dei: «Som eg har gjort mot dykk, skal de òg gjera.» La oss minnast korleis Jesus viste tenarsinn, omsorg og kjærleik like til det siste.

Teksten frå Joh 13, 1-15 blir lesen.

Liturgen kneler framfor føtene til kvar einskild. Medliturgen set vaskefatet på golvet under foten som skal bli vaska. Liturgen held rundt foten mens medliturgen heller vatn over. Liturgen tørkar foten med et handklede. Dette blir gjentatt ved kvar av dei medverkande.

Når handlinga er avslutta, set medliturgen vaskefat og kanne tilbake på sidebordet, og liturgen tek av seg forkleidet og legg det til side. Deretter går dei medverkande atende til plassane sine

Handlinga kan bli avslutta med følgande eller liknande ord:

ML/L (vendt mot kyrkjelyden):

Jesus seier: «Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.» (Joh 13, 34-35).

Skriftemål

Syndsvedkjenninga kan bli utvida med allment skriftemål i denne gudstenesta. Sjå Gudstenestebok 1992 del 1, kap IV, s 259 ff. Anbefalte element er Salme 51, 3-11 (veksellesing), Ordet om binde- og løysemakta (Joh. 20, 22-23), Syndstilgjeving og absolsjon samt avslutningsord (Fil 1,6).

Avdekking av alteret

Avdekkinga kan bli innleidd med følgande eller liknande ord:

L/ML: Så kom Jesus med læresveinane til ein stad som heiter Getsemane, og han sa til dei: «Sit her medan eg går dit bort og bed.» 37 Han tok med seg Peter og dei to Sebedeus-sønene, og han vart gripen av sorg og gru. Då sa han til dei: « Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak med meg!» (Matt 26, 36-38)

Deretter blir alterlysa sløkt. Der det er mogleg, blir også elektriske lys dempa. Under avdekkinga kan det være vokal- eller instrumentalmusikk eller stillheit.

Liturgen kan ta av seg messehakelen og gå ut med han i sakristiet eller anna tilstøytande

rom.

Følgande liturgisk utstyr bli bore ut:

- Prosesjonskross og prosesjonslys
- Liturgiske tekstilar på preikestol og lesepult
- Alterlys, blomster, Bibel, alterbok, nattverdutstyr
- Tekstilar på alter, preikestol og lesepult

Alteret kan bli dekkja med eit svart klede.

Kyrkjerommet kan vere ope etter gudstenesta for stillheit og bøn. Lys i lysglobe eller annan lystenningsstad kan vere tend.

Langfredag

Gudstenesta på langfredag er prega av enkelheit. Stillheit er eit viktig element denne dagen. Der tilhøva ligg til rette for det, kan kyrkja vere open i forkant og etterkant av gudstenesta for stillheit, bøn og meditasjon. Ordninga gir høve til å spele preludium og postludium, men dei kan erstattast av eller bli kombinert med stillheit. Der lokale tilhøve ligg til rette for det, kan ein også følgje tradisjonen med at orgelet ikkje blir brukt denne dagen, slik at det berre er vokalmusikk som lyd.

Gudstenesta har to hovuddelar: lesinga av lidingshistoria og kyrkjelydens forbønn. Som en tredje hovuddel kan ein føye til ein krossmeditasjon.

Lesing av lidingshistoria

Sentrum i gudstenesta er lesinga av lidingshistoria. Det er tradisjon tilbake til mellomalderen at denne blir lesen ved ei enkel dramatisering av teksten. Teksten blir då fordelt på tre tekstlesarar. Evangelisten (E) les alle forteljande avsnitt i teksten, Kristus (K) les Jesu replikkar og «forsamlinga» (F) les replikkane frå alle dei andre som opptre i teksten. Men det er fullt mogleg å gjere lokale tilpassingar etter ønske og tilgjengelege ressursar.

Dersom det er fleire tekstlesarar, kan dei stå på forskjellige stader i kyrkja. Utforminga av kyrkjerommet legg premiss for kva plassering som er tenleg. Til dømes kan evangelisten stå ved lesepulten, den som les Jesu replikkar framfor alteret eller alterringen og den som les dei andre replikkane på motsett side av evangelisten.

Krossmeditasjon

I kyrkjelydar som har vedtatt¹ å ha ein meditasjon over krossen, bør dette bli førebudd grundig på førehand. Krossmeditasjonen kan bli finne stad mellom tekstlesingar og forbøn, alternativt etter forbøna.

Kyrkjelyden bør ha ein kross som kan bli plassert framme i koret. Dersom krossen ikkje kan stå åleine, kan det alternativt bli lagt mot alterringen, eller to medliturgar kan halde det oppreist. Dersom ein ikkje har noko anna kross, kan prosesjonskrossen bli brukt. I kyrkjer der det finst eit større permanent krusifiks framme i kyrkja, kan også dette bli brukt.

Dersom krossen er frittstående, kan det bli bore inn i prosesjon. Liturgen går då ned til inngangen og møter krossberarane. Deretter går dei i prosesjon mot koret. Nær døra, midt i kyrkja og ved inngangen til koret stoppar prosesjonen, og dialogen mellom liturg og kyrkjelyd følgjer. Deretter blir krossen plassert i kor-opninga eller

¹ I dokumentet Kyrkjerådet sendte til Bispemøtet står det at krossmeditasjon skjer etter vedtak. Det har samanheng med at det i en tidlegare versjon av sakspapiret til Kyrkjerådet var lagt inn i allmenne føresegner at soknerådet skulle avgjere om det skulle vere krossmeditasjon eller ikkje. I den endelege versjonen reknar ein med at spørsmålet blir avgjort av den forrettande presten.

framfor alterringen. Ein annan måte å begynne på, er at krossen står eller ligg øvst i koret frå starten av gudstenesta. På kvar side av krossen kan det bli plassert eit lys. Eventuelt kan det også bli plassert fem roser ved foten, som symbol på dei fem sårmerka.

Når krossen er sett opp, kan kyrkjelyden bli invitert til å meditere over det på ulikt vis.

Under krossmeditasjonen har det vore vanleg å framføre ulike hymner. Ein salme som tradisjonelt har blitt sunge i denne samanhengen er *Tunge lat din lovsong prisa* (N 2013 164). Ein kan også synge til dømes *Hill deg frelser og forsoner* (N 2013 173) eller andre salmar.

Forbøn

Frå oldkyrkja av har ein viktig del ved langfredagsgudstenesta vore forbøna for verda og alle som er i nød. I vår tradisjon har denne bøna fått form av litaniet, på same måte som i fastetida. I fastetida blir litaniet følgt av fastekollekten, men på langfredag er det mogleg å bytte ut fastekollekten med ei bøn som set Jesu liding og død i samanheng med verdas nød i dag. Det er også mogleg å be ein annan og lokalt førebudd forbøn i forlenginga av, eventuelt som erstatning for, litaniet. Nokre stader er forbønsdelen i denne gudstenesta ei krossvandring. Ei slik forbøns- og krossvandring kan også skje etter gudstenesta.

Avslutning

Også i denne gudstenesta kan velsigninga til slutt utelatast. Det har særleg to grunnar: For det første understrekar det enkelheit. I tillegg understrekar ei slik utelating at langfredag er en del av den samanhengande liturgiske markeringa som går over i påskenatta. Det vil difor være mest aktuelt å utelate velsigninga dersom gudstenesta inngår i en samanhengande feiring av alle tre gudstenestene.

Som alternativ til velsigninga kan ein skriftstad om gravlegginga bli lese, til dømes frå Matt 27,57-60:

L/ML: Då det vart kveld, kom det ein rik mann som heitte Josef. Han var frå Arimatea og hadde òg vorte ein Jesu læresvein. Han gjekk til Pilatus og bad om å få Jesu kropp, og Pilatus gav ordre om at han skulle få han. Josef tok Jesu kropp, sveipte han i eit reint linklede og la han i den nye grava han hadde hogge ut til seg sjølv i bergveggen. Så rulla han ein stor stein framfor gravopninga og gjekk

Påskenenatt

Påskevigilien er den eldste kjente forma for vigilie (vakenatt) som er kjent i kyrkja, og har røter tilbake til det andre hundreåret. Utvalde delar frå Det gamle testamente vart då lese gjennom natta. Dåp av nye kristne fann også stad i denne gudstenesta.

I nyare tid er liturgien for vakegudstenesta på påskeaftan restaurert, og har no følgjande hovuddelar:

1. Innleiing med lys
2. Lesing av tekstar frå Det gamle testamente samt frå Romarbrevet og evangelia
3. Dåp eller påminning om dåp
4. Nattverdfeiring

Liturgien kan bli gjort enkel eller meir omfattande etter kva ressursar og prioriteringar kyrkjelyden har og gjer. Den kan også bli feira anten i ei meir høgtideleg eller meir uformell form. Dersom gudstenesta til dømes inngår i ramma av ein påskeleir eller liknande, kan innleiinga med lys bli forenkla, og tekstane kan lesast som ei samanhengande forteljing om Guds gjerningar. I så fall går bønene mellom tekstane ut.

Dersom det blir vedtatt av soknerådet, kan ein også nytte røykelse under gudstenesta (sjå under).

Tidspunktet for gudstenesta er tradisjonelt rundt midnatt. Det vil seie at ho til vanleg ikkje startar tidligare enn kl. 23. Dersom kyrkjelyden vedtek det, kan ho likevel begynne tidligare på kvelden, men helst ikkje før det blir mørkt. Alternativt kan gudstenesta begynne tidleg på morgonen, gjerne før soloppgang.

Innleiing – Førebuingar og Tenning av påskelyset

Det bør bli avgjort lokalt korleis gudstenesta skal begynne. Ein enkel variant er at kyrkjelyden på førehand er gått inn i den mørklagte kyrkja. Påskelyset kan så bli tent i våpenhuset eller bak i kyrkjerommet. Alternativt kan kyrkjelyden samle seg framfor kyrkja og begynne gudstenesta der. Der tilhøva gjer det mogleg, kan alle på førehand få utdelt eit lys. Dette lyset blir tent frå påskelyset i samband med inngangsprosesjonen.

Om ønskeleg, kan påskelyset bli tent frå eit lite bål utanfor kyrkja. Liturgen kan begynne med ei kort helsing og ei bøn. Det kan bli gjort med følgande eller liknande ord:

L: Kjære kyrkjelyd, i denne påskenenatt, då Jesus Kristus gikk over frå døden til livet, blir v bedne inn, saman med kristne over heile verda, til å møtast for å våke og be. Vi skal bli minna om Guds gjerningar og feire det store mysteriet at kjærleiken er sterkare enn døden.

Lat oss be:

Gud, du gav ved Sonen din alle som trur ein heilag eld. Vi bed deg, forny oss i denne heilage natta og la din kjærleiks eld flamme opp i oss, tent av glede og håp frå ditt himmelske lys, i denne natta, i dagen som kjem og i all æve.

K: Amen.²

Deretter blir påskelyset bore inn i kyrkja. Dersom kyrkjelyden er samla utanfor, får den tent lysa sine der og følgjer etter påskelyset. Dersom kyrkjelyden allereie er inne i kyrkja, får den tent lysa sine tent frå prosesjonen med påskelyset.

Påskelovsongen - Exsultet

Exsultet («Fryd deg, du himmelens engleskare») følgjer etter inngangsprosesjonen. Denne lovsongen har gallikansk opphav, og inneheld også prefasjonsdialogen. Den gregorianske melodien er supplert med eit omkved av Egil Hovland. *Exsultet* gir ei tolking av frelseshistoria gjennom å binde den saman med utvandringa frå Egypt gjennom Raudehavet. Sentralt i påskelovsongen er kontrasten mellom lys og mørke. Sjølv om *Exsultet* utlegg frelseshistoria kausalt, blir også andre perspektiv oppretthalde, for eksempel gjennom proklameringa av at «mørkret skal vere som lyset».

Tekstlesingane

En viktig del av gudstenesta er lesinga av sentrale tekstar som fortel frå frelseshistoria. Tekstene frå 1 Mos 1 og 2 Mos 14 blir normalt alltid lesne, men i tilfelle der det berre lesast éin tekst, skal det være frå 2 Mos 14. I tillegg kan ein velje ein eller fleire, i alt inntil sju tekstar. Tekstane kan lesast som ei framhaldsforteljing, eller med ei bøn etter kvar tekst. Det bør helst være fleire tekstlesarar, slik at forteljinga får fleire stemmer.

I tillegg kommer epistelteksten frå Rom 6 og evangelieteksten.

Under Gloria blir lyset tent i kyrkja, og kyrkjelyden kan slukke lysa sine. Dersom det er praktisk mogleg og tenleg, kan også kyrkjelyden behalde lysa sine tente gjennom hele gudstenesta.

Dåp - dåpsåminning

Dåpen er eit viktig fokus i påskenattsgudstenesta. Historisk har påskenattsgudstenesta vore ei tid for innlemming av nye medlemmar i kyrkja. Mange stader er det i denne gudstenesta vanleg å ha dåp av vaksne, spesielt konfirmantar. Dåpen skjer da etter ordning for dåp i hovudgudstenesta, med de tilpassingane som

² Denne bøna inneheld element frå Common Worship – Times and Seasons, Church of England, ss. 354, 400.

finst i ordninga for påskenatt. Motivet om dåpen som en drukningsdød og fødsel til nytt liv, finn ein også i tekstutvalet for påskenatt og i *Exsultet*. Dersom det ikkje er dåp, blir kyrkjelyden minna om samanhengen mellom dåp og påskenatt ved dåpspåminning og innleiing til truedkjening.

Nattverd

Nattverdfeiringa skjer på vanleg måte.

Ved inngangen til nattverdfeiringa kan alterlysa bli tente, dersom det ikkje er gjort under Gloria. Dersom det er bestemt lokalt, kan også alteret bli dekkja, som ein motsats til avdekkinga av alteret på skjærtorsdag. Duk(ar) blir lagt på plass, deretter lys og blomster og til slutt nattverdkar samt brød og vin.

Sending

Den vanlige måten å avslutte gudstenesta på er at kyrkjelyden går syngande saman ut i prosesjon. Dersom kyrkjelydens egne lys vart slukka under Gloria, blir dei tente på ny under prosesjonen ut, og kyrkjelyden følgjer prosesjonskorset. Når alle er komne ut, blir gudstenesta avslutta med påskehelsinga.

Bruk av røykelse

Bruk av røykelse er ein praksis kjent frå Det gamle testamentet og gjennom lang bruk i ulike kyrkjer. Røykelsen symboliserer bønene til dei heilage. I Salme 141,2 står det: *Lat mi bøn vera røykjelse for deg, mine opplyfte hender eit kveldsoffer.*

Der soknerådet gjer vedtak om det, kan røykelse bli nytta. Tradisjonelt er røykelse blitt brukt på bestemte tidspunkt i gudstenesta. En medliturg ber røykelseskarer i inngangsprosesjonen framfor påskelyset. Rett før *Exsultet* svingar ein røykelseskarer over påskelyset. Før lesinga av evangelieteksten, gjer diakonen eller presten det same over evangelieboka. Etter at brød og vin er gjort i stand på alteret og liturgen har bede takkebøna, blir røykelsen svinga over gåvene, og over alteret. En medliturg overtek så røykelseskarer og svingar det mot liturgen og deretter mot forsamlinga.

Ved bruk av røykelse er det viktig å avgrense røyken utanom disse tidspunkta, så kyrkjerommet ikkje blir fylt av røyk. Røykelseskarer kan også bli sett inn i et tilstøytande rom, for eksempel sakristiet, i de delane av gudstenesta der det ikkje er i bruk.